

ÅRSPLAN

HEDDELI BARNEHAGE 2018/19



Adresse: Gullnesvegen 13, 3840 Seljord
Tlf.: 35 05 13 52 (kontor) / 35 05 13 53 (småbarnsgruppa)
E-post: heddeli.barnehage@seljord.kommune.no



www.seljord.kommune.no

INNHALD

- Innholdsfortegnelse s. 2
- Forord s. 3
- Personalet, foreldrerråd og samarbeidsutval s. 4
- Organisering og dagsrytma s. 5
- Årshjulet for heile barnehagen s. 6-7
- Barna på Skorvegruppa og Sjøormgruppa s. 8
- Innholdet i barnehagedagen for Skorvegruppa s. 9-12
- Innholdet i barnehagedagen for Sjøormgruppa s.13-16
- Barna på Sterke-Nils gruppa s.17
- Innholdet i barnehagedagen for Sterke-Nils gruppa s.18-20
- Barna på Småbarnsgruppa s.21
- Innholdet i barnehagedagen for Småbarnsgruppa s.22-25

Heddeli barnehage sto ferdig i februar 1984 og er eigd av Seljord kommune. Barnehagen ligg i Seljord sentrum nær til skog og mark, til kulturelle bygg, butikkar, bibliotek og nær til nabobarnehagen Tussejuv, Heddeli bu- og servicesenter og Seljord barneskule.

ÅRSPLANEN ER HEDDELI BARNEHAGE SITT PROGRAM FOR 2018/19

Planen bygger på:

- Lov om barnehagar
- Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver
- Lokal rammeplan for barnehagane i Seljord kommune
- Handlingsplan for undervisningssektoren i Seljord kommune
- Evalueringar frå personalet og tilbakemeldingar frå barn og foreldre.
- Årsrytme, høgtider og tradisjonar i bygda set preg på barnehagedagen generelt og temaarbeid spesielt.

Heddeli barnehage skal i barnehageåret 2018-19 vere administrert saman med Flatdal barnehage. Barnehagen er likevel ei sjølvstendig eining og har sin eigen årsplan.

Planen må lesast saman med informasjonsheftet for Heddeli barnehage.

Planen er ei grovskisse. Månadsplanar blir lagt på MyKid.

Vi vil gjerne at du tek kontakt med personalet dersom det er noko du lurar på eller har meiningar om.

Barna skal oppleve ein progresjon i barnehagelivet sitt. Det får dei gjennom kva dei kan medverke i og kva for pedagogisk tilbod og erfaringar vi legg tilrette for barna. Dette kjem fram i årsplanen som heilhet og i informasjonsheftet.

Seljord kommune eig 4 barnehagar og ynskjer å ha eit einskapleg barnehagetilbod. Det vil seie at styrarane i barnehagane samarbeider og at kompetanseutvikling i personalet skjer i storfelleskapet i tillegg til i eigen barnehage. Vi inspirerer kvarandre og samarbeider om innhald og arbeidsmåtar.

Satsingsområde 2018-2020:

Parallelt med implementering av ny rammeplan og bevisstgjerung kring eigen relasjonskompetanse skal vi i ein to årsperiode delta i eit nasjonalt prosjekt ; "Inkluderande barnehage og skulemiljø". Utgangspunktet er førebyggjande arbeid retta mot mobbing og krenkingar. I tillegg er barnehagane ein del av IKT satsinga i Seljord kommune dette året.

Seljord, 1.september 2018

Heidi Færstaul Haugerud og Nina Bakkåker
Styrarteam

PERSONALET 2018-19

Namn	Stilling	Storleik
Heidi F. Haugerud	Styrar, hovudansvar Heddeli	100 %
Nina Merete H. Bakkåker	Styrar, hovudansvar Flatdal	60 %
	Vegleiar i barnehagene i kommunen	40 %
Anne Marie Dahle	Pedagogisk leiar	100 %
Ann Christin Grutle	Pedagogisk leiar	100 %
Grete Natten	Pedagogisk leiar	100 %
Merete Grave	Pedagogisk leiar	60 %
Ingrid Hegnastykket	Pedagogisk leiar	80 %
Irene Groven	Pedagogisk leiar	100 %
Gunhild Sudgarden	Pedagogisk leiar	40 %
Jorunn M. Torjussen	Barne- og ungdomsarbeidar	80 %
Gry Anita Fosslund	Barne- og ungdomsarbeidar	100 %
Sigrun Tresland	Barne- og ungdomsarbeidar	100%
Cecilie Sollid Tveit	Fagarbeidar	100 %
Gro Verpe Moen	Assistent	80 %
Desireè Hestehagen	Assistent	20 %
Heidi N Rue	Utplassert	40 %
Svanhild Bjaaland Barstad	Lærling (august-desember -18)	100%
Ewa Kalinowska	Reinhaldar	54%
Gro Aase Rue	Spesialpedagog i kommunen	
Stine Helen Nævra Bakke	Logoped i kommunen	

FORELDRERÅDET

Leiar: Kristine Heimdal Kleiv

Nestleiar: Siv Omtveit Aasan

MEDLEMMAR AV SAMARBEIDSUTVALET (SU)

Foreldrerepresentantar: Kristine Heimdal Kleiv og Siv Omtveit Aasan

Personalrepresentantar: Grete Natten og Cecilie Sollid Tveit

Eigarrepresentant: Arild Johansen. Vara: Beate Marie Dahl Eide

Styrar kallar inn til møte og er referent: Heidi F. Haugerud

ORGANISERING

Barnehagen har 15 tilsette som saman skal arbeide for at Heddeli barnehage er ein barnehage med god kvalitet for barn og foreldre.

Dette barnehageåret går det 42 barn (57 plassar) i barnehagen. Barnehagen har tre baser: «Småbarn», «Bringsåsnuten» og «Skorve».

Småbarn: 12 barn fødd i 2016 og 3 barn fødd 2017
Bringsåsnuten: 11 barn fødd i 2015
Skorve: 8 barn fødd i 2013 og 8 barn fødd i 2014.

Kva for barn og vaksne som er i barnehagen til ein kvar tid, kan du sjå på daglistene i garderobane/inngangane. **Hugs å krysse barnet ditt inn kvar morgon og ut kvar ettermiddag.** Viktig! Dette er vi pålagt i samband med brannforskriftene.

DAGSRYTMA

NÅR	KVA SKJER
07.30	Barnehagen opnar. Leik inne og ute
07.45-08.30	Frukost
10.00-12.30	Arbeid i grupper: samling, ulike aktivitetar, måltid, kvilestund og garderobe
12.30-16.30	Leik ute og inne
14.15	Enkelt brødmåltid. Frukt og grønnsaker
16.30	Barnehagen stenger

Alle klokkeslett gjennom dagen er omtrentlege.
Dei yngste barna et og søv etter avtale med foreldra.

ÅRSHJUL HAUST 2018

VEKE	DATO	INNHALD
33	to 17. og fr 18.08	Planleggingsdagar. Barnehagen er stengt
34-35		Oppstart av nytt barnehage år
35	ty 29.08	Foreldremøte kl.18-20
36	to 07.09	Møte i samarbeidsutvalet kl.16.00-17.00
35-37		Dyrskulning Barnesamtaler, Skorve gruppa
38-44		Tema-arbeid Foreldresamtaler
43	fr 26.10	Planleggingsdag. Barnehagen er stengt
40-43	on 24.10	FN-dagen Internasjonale veker
44-45		Hautfest med foreldre, Skorve gruppa, Sjøorm gruppa og Sterke Nils gruppa
46-47		Tema "brann, ambulanse, politi"
48-51		Advent. Jul
50		Desemberfrukost med foreldre, Småbarnsgruppa
51	on 19.12	Grautfest
52	må 24.-fre 28.12	Juleferie. Barnehagen er stengt

ÅRSJUL VÅR 2019

VEKE	DATO	INNHALD
1	on 02.01	Planleggingsdag. Barnehagen er stengt
2-13		Tema-arbeid
2-12		Gym på Granvin for Skorvegruppa og Tussejuv
6	on 06.02	Samefolkets dag
8-9	fr 01.03	Fastelavn. Førebuing til karneval Karneval
11	ty 12.03	Barnehagedagen
11-16		Foreldresamtaler
14-16		Påske
17		«Ruskendag» med foreldre
17-24		Folkemusikk, dans og soger
19-20		17. mai
21		Vårfest med foreldre, Sterke Nils og Sjørøm gruppene
22		Vårfrukost med foreldre, Småbarnsgruppa
23		Sommarfest med foreldre, Skorve gruppa
26-33		Barnehagen er prega av sommarferieavvikling
28-29-30		Barnehagen er stengt. Sommarferie

BARN FØDT 2013 OG 2014

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	FØDSELS DATO	PRIMÆR KONTAKT
Håvard	Håvard	Håvard		Håvard	09.01.14	Ann Christin
Eivind	Eivind	Eivind	Eivind	Eivind	26.01.14	Ann Christin
Amalie			Amalie	Amalie	03.02.14	Ann Christin
Magnus	Magnus	Magnus		Magnus	05.02.14	Gry
Vetle	Vetle	Vetle	Vetle	Vetle	13.04.14	Ann Christin
Frida	Frida	Frida	Frida	Frida	10.06.14	Gry
Åsmund	Åsmund	Åsmund	Åsmund	Åsmund	06.07.14	Gry
Kristin	Kristin	Kristin	Kristin	Kristin	14.11.14	Ann Christin
8	7	7	6	8	Vekeplan 2014-gr	
Grupper	Lavvo	Grupper	Matlaging/ grupper	Tur		
Liam	Liam	Liam	Liam	Liam	17.03.13	Gry
Gunnhild	Gunnhild	Gunnhild	Gunnhild	Gunnhild	21.06.13	Gry
Synnøve	Synnøve	Synnøve	Synnøve	Synnøve	04.11.13	Gry
Elena	Elena	Elena	Elena	Elena	01.12.13	Irene
Arya	Arya	Arya	Arya	Arya	01.12.13	Irene
Irmelin	Irmelin	Irmelin	Irmelin	Irmelin	06.12.13	Irene
Amelia	Amelia			Amelia	23.12.13	Irene
Kacper	Kacper			Kacper	23.12.13	Irene
8	8	6	6	8	Vekeplan 2013-gr	
Grupper	Lavvo	Grupper	Matlaging/ grupper	Tur		
16	15	13	12	16	Personalet	
Irene Gry Ann Christin Svanhild (t.o.m. desember)	Irene Gry Ann Christin Svanhild (t.o.m. desember)	Irene Gry Ann Christin Svanhild (t.o.m. desember)	Irene Gry Ann Christin Svanhild (t.o.m. desember)	Irene Gry Ann Christin Svanhild (t.o.m. desember)		

SKORVEGRUPPA (2013)

Organisering

Vi har basen vår på Skorverommet saman med Sjøormgruppa. Vi er saman det meste av tida.

På Skorverommet har vi samlingssund, måltida (vi sit blanda grupper rundt borda), forming, kvilestund og andre aktivitetar.

Leiken

Leiken gjev viktige opplevingar, erfaringar, glede og humor. Leiken er noko barnet opplever som lystbetont og gledesfylt, noe barnet gjer av eigen fri vilje og på eiga initiativ. Barn leikar fordi de elsker å leike. Leiken har eigenverdi, kor lærling kjem som bonus. Leiken startar tilfeldig og barna observerar kvarandre og hermar etter. Leiken er med på å danne relasjonar, dei lærer sosiale ferdigheter, dei lærar å samarbeide og å løyse konflikhtar. Leiken fremjar barns utvikling på fleire områder: intellektuelt, fysisk, sosialt, emosjonelt og språklig. I leiken styrkar og utviklar barna sin eigen identitet og sjølvkjensle. Gjennom leik leggst grunnlaget for barnas venskap med kvarandre. Venskap er grunnlaget for barnets trivsel og kvardagsglede i barnehagen. Å ha vener styrkar barns sjølvkjensle og identitet. Leiken er barnets viktigaste arena for å tileigne seg sosiale ferdigheitar, og den skapar glede og fellesskap. Gruppa vår skal vidareutvikle rolleleiken og bli trygge på regelleikar.

Dyrsku'n

Fram mot Dyrsku'n i år skal vi bli betre kjende med **telemarkskyri**. Barna skal få bli kjend med korleis den ser ut og kva vi kan få av kyri. Vi skal bort på gardsbesøk på Bjørge gard. Vi skal bli kjend med garden Glosimot, som vi ser oppe i lia frå barnehagen. Vi kjem til å høyre om Dyrsku'n før og no, og med det kjem vi til å sjå nokre gamle video snuttar og bilete, der vi samtalar med barna rundt korleis det var før i forhold til no.

Kjøkkenhage

No er tida inne for å rydde i kjøkkenhagen. Det har dessverre blitt dårlig med avling av det vi sådde i vår. Det har vori ein varm og tørr sommar, og med vatnerestriksjonar, har det blitt dårleg med vatning.

Internasjonale veker

I oktober skal vi ha ein internasjonal månad der vi lærer om andre kulturar. Då i fyrste rekke om barn som har ein anna kulturbakgrunn enn majoriteten av barna i vår barnehage.

Brann, ambulanse, politi

Vi skal lære nødnummera

1-1-0

1-1-2

1-1-3

Vi skal bli enda betre kjend med brannfigurane «Brannmannen Bjørnis» og «Eldar og Vanja» samt Røde kors dokka «Henry» som er figurar i eit pedagogisk opplegg vi har i barnehagen. Vi kjem til å høyre ulike forteljingar frå dei. Brannbilen kjem på besøk til barnehagen, og vi kan få ut å sjå på den og prøvesitje i den. Vi vil også besøke ambulansa og politi.

Jul og adventstid

Vi skal markere adventstida med baking av pepperkaker og kling, synge tradisjonelle julesongar, få Luciabesøk frå skulen, høyre juleforteljingar bl.a «Jul i stallen» og «Reven og nissen». Barna kjem til å få moglegheit til å lage julepynt etter som dei sjølv har lyst, medan alle barna skal få koma opp ein gong på «Juleverkstad» på loftet. Adventstida i barnehagen skal vere prega av ro, hygge og vidareføring av tradisjonar.

Samefolkets dag

Vi skal lære nokre samiske ord; «1-2-3-4-5», «Hei» og «Ha det». Vi skal snakke om det samiske flagget, deira tradisjonar, mat og folkedrakter. Vi høyrer samiske eventyr.

Fastelavn og karneval

Fastelavn markerar vi ved å lage fastelavnsris og fortelje kva fastelavn er. Til karnevalet skal vi dramatisera eit lokal segn. Vi leikar oss med rytmar, song, dans, god mat og leik.

Barnehagedagen

Kvart år markeras Barnehagedagen over heile landet, det er eit samarbeid mellom Fagforbundet og Utdanningsforbundet. Temaet er ikkje bestemt i skrivande stund. Blir spanande – vi gler oss. Datoen er 12.03.2019

Påske

Vi fokuserer på symbola for nytt liv gjennom vårens mange små og store under. Fuglane startar bygging av reir for å legge egg, knoppene på trea er klare til å sprette. vi blir kjend med musikk/songar og forteljingar som byggjer opp under vår og nytt liv. Vi skal bli kjend med forteljingane; «Hønemor og dei tolv små kyllingane» og «Kakling i kjøkkenhagen».

17. Mai

Vi vil ha fokus på grunnlova og demokrati. Barnehagen skal bidra til at alle barn får forståing for og sluttar opp om demokratiske verdiar og normer som ligg til grunn for det samfunnet vi har i dag. Vi blir kjende med Henrik Wergeland og Bjørnstjerne Bjørnson.

Skuleførebuing

Barnehage og skule har ei samarbeidsavtale. Av den går det blant anna fram at vi skal vitje skulen og gjere oss kjent. Det kjem vi til å leggje vekt på gjennom heile året. Rammeplanen seier at *«Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehage og skulen. Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheit som kan gi dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen»* (R-17. s, 33).

I dei skuleførebuande aktivitetane i barnehagen er fokuset jamt progresjon der barnet veks med oppgåvene, er nysgjerrige og lærelystne. Vi ynskjer å levere nysgjerrige, vitebegjærlege og aktive barn over til skulen. Verktøyet vårt i det er: leik, sosial kompetanse, trygge vaksne, vaksne som er tilstades, er trygge og gjev barna inspirasjon og støtte.

Turar i nærmiljøet

Opplevingane på tur vil variere med vær og vind, årstider, kven som er med og kva som møter oss på vegen. Vi blir kjende med naturen rundt oss og fjella kring Seljord. Barna får høyre ulike segn og soger frå plassane vi besøker. Vi går på tur saman med Sjørom-gruppa. I år skal vi bli kjend med Guro Heddelid, Skåne Bringsås, kyrkja og Selstadsloftet.

Vi skal og bli betre kjend med Tarkus, som er eit beltedyrt som kan mykje om trafikk og korleis vi ferdast i trafikken. Tarkus vil væra med oss på turane. Etter jol, kanskje før, håpar vi på ein vinter med mykje sno, slik at vi kan gå på skiturar.

Berekraftig utvikling

Barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og på naturen. Det er viktig at vi i barnehagen bidrar til at barna skal kunne forvalte og ta var vare på det livet vi kjenner til.

Barnehagen skal derfor fremme verdiar, haldningar og praksis for et berekraftig samfunn. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er en føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det.

Barnehagen skal legge grunnlaget for at barna kan tenke kritisk, handle etisk og vise solidaritet.

I lavvon

I lavvon kjenner vi årsrytmen på kroppen og vi ynskjer at barna skal bli glade i å vera ute, og få gode opplevingar i naturen. Der kan barna medverke i å utforske og eksperimentere med naturfenomen og fysiske lovar. Lavvon er ein fin stad for sanseopplevingar, fysiske utfordringar og leik.

Vi skal spikke minkepinne og barkebåtar, pil og boge, eksperimentere med vatnets eigenskapar i ulike former, lage insektsfeller og lage mat på bål. Vi skal føre fenologisk kalender; dagens hjelpar registrerer temperatur, vær og det ho/han er oppteken av i naturen, tek bilete og legg det inn på Mykid.

Vi kjem i år til å følgje insekt og spesielt mauren gjennom året. Vi skal oppleve og lære om mauren og maurtuva. Vi vil lese eventyr om mauren, samt regler om mauren.

Forming

Det nye vi skal gjere innafor forming i år er å sy. Det blir sjølv sagt mykje anna vi kjem til å gjere innafor forming som til dømes: teikne med tusj og måle i etterkant.

Samlingsstund

Vi har samling alle dagane før formiddagsmaten. Samlingstunda innheld; kven som blir dagens hjelpar, dagtavla, månadens song og dikt, munnmotorikk og lydøvingar. Vi les ei bok eller ei forteljing. På måndagar har vi rim og regler/song. På lavvodag og turdag har vi samlinga ute. I samlingsstund har vi fokus på fagområdet «Kommunikasjon, språk og tekst», men det opptre sjeldan aleine. Barna skal få ei oppleving av fellesskap, trene sosial kompetanse, vente på tur, samarbeide, lytte til andre og vera deltakande i samlingane våre.

Eventyr/forteljingar

Som nemnt i punktet over les/fortel med kvar dag. I samling, i lavvon, på tur, ved frukt og når barna kjem å ønskjer å bli lest for. Vi brukar eventyr, forteljingar frå Seljord, norske, samiske og polske eventyr. Vi skal bli kjend med segn knytt til kyrkja og vi skal dramatisere ei lokal segn. Vi vil å vitje biblioteket mykje.

Songar og regler

Songar; «Dyrskusongen» «Eg heiter Håvard Hedde», «Skal me vera venner», «Kjærringa med staven», «Ja vi elsker», «Eg er så glad kvar jolekveld» og «Seljordsongen»

Regler/dikt; «Det er sant at eg fant», «Kven banker sa Per Anker», «Ute i skogen sat nissar og kjemper», «Sjå mitt vesle eplekrin» og elleregler.

Samarbeidspartar

Vi forsett med samarbeidet med Tussejuv barnehage og besøker kvarandre ein gong i månaden, og i januar og februar har vi gym saman på Granvin. Det er viktig å knytte kontakt og bli kjend med dei ein skal gå på skulen med. Vi vil og besøke Heddeli bu- og service senter ein gong i månaden i små grupper. Vi skal leike, prate og syngje saman. Det er fint å kunne ha gjensidig positive kontakt mellom generasjonar. Vi besøker biblioteket jamleg i smågrupper. Vi låner bøkar , og har som mål at barna skal bli lest for/høyre forteljingar kvar gong.

Barnesamtaler

I haust skal vi ha barnesamtaler der hovudfokuset er kva barna er opptatt av, korleis dei har det og kva som kunne vore annleis. Barnesamtalene er i forkant av foreldresamtalene.

Foreldresamarbeid

Barnehagen har ei viktig oppgåve som møtestad for barn og småbarnsforeldre og som kulturformidlar. Det daglege møte morgon og ettermiddag er den beste arena for kontakt. I tillegg har vi foreldremøte, haustfest, vårdugnad, sommarfest og foreldresamtaler. To gonger i året.



SJØORMGRUPPA (2014)

Organisering

Vi har basen vår på Skorverommet saman med Skorvegruppa. Vi kjem til å vere saman på tur og i lavvo. Nokre gonger vil vi ha leikegrupper, spelegrupper og lesegrupper på tvers av desse to årskulla, og nokre gonger delar vi. Samlingsstundene kjem vi til å ha kvar for oss på "innedagane". På skorverommet har vi samling, leikegrupper, forming og kvilestund. Vi har også måltidene saman med skorvegruppa.

Leiken

I Rammeplanen står det at leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. (R-17 s.17)

Leiken kan stimulere alle sider ved barnet sin utvikling. Dette gjeld både språkleg, sosial, emosjonell, kognitiv, moralsk og motorisk utvikling. Leiken er også med på å utvikle kreativitet, problemløysningsevne og å lære barnet noko om korleis verda fungerer både sosialt og fysisk.

Når barna leiker med kvarandre eller vaksne så vil dei lære at ulike menneske kan reagere ulikt på ulike situasjonar. Til dømes om nokon slår seg, nokon ler av noko som blir sagt eller gjort, nokon blir sinte eller lei seg, om eit barn tar noko frå eit anna. Dei lærer også å ta initiativ sjølv, finne på historiar og aktivitetar, og å følgje andre sine initiativ og idear. Dei lærer seg å forhandle om kva for reglar leiken skal ha, kven som skal gjere kva og å dele på leikar.

Rolleleiken vil vere viktig for gruppa vår. I barnehagen vil vi gje rom for utkleddningsleik, butikkleik, familiekrok, legoleik og dokkeleik. Me vil også ha regelleik som tildømes: "alle mine duer", "rødt ljøs" og "stiv heks".

Dyrsku'n

Vi kjem til å høyre om Dyrsku'n før og no, og i den samanhengten kjem vi til å sjå på gamle bilete og videosnuttar der vi samtalar med barna om korleis det var før i forhold til no. I år skal vi bli betre kjende med "Høna" fram mot Dyrsku'n. Barna skal bli kjent med korleis den ser ut og kva vi kan få av høna. Vi skal vitje hønene på Bjørge, høyre forteljinga om "høna som skulle legge egg", og barna skal få høyre ulike bøker av høna "Tuppeline". Vi skal også lære oss songen "Reven på hønsejakt", og vi vil lære oss rim og regler om høna. I barnehagen vil vi lage mat med egg og utforske litt korleis egga ser ut.

Internasjonale veker

Oktober skal vere ein internasjonal månad, der vi lærer om andre kulturar, i fyrste rekke om barn som har ein annan kulturbakgrunn enn majoriteten av barna i barnehagen.

Brann, ambulanse, politi

Vi skal lære oss nødnummera

Brann: Politi: Ambulanse:

- 1-1-0
- 1-1-2
- 1-1-3

Vi skal bli kjende med bamsen Bjørnis som er ein brannmann, og røde kors dokka Henry som er figurar i eit pedagogisk opplegg som vi har i barnehagen. Vi vil få høyre ulike forteljingar frå dei. Brannbilen kjem på besøk til barnehagen, og vi skal også besøke både politiet, legekantoret og brannstasjonen.

Jul og adventstid

Adventstida skal vere prega av hygge og ro og vidareføring av tradisjonar. Adventstida blir markera med baking av pepparkaker, å synge tradisjonelle julesongar, høyre juleforteljingar, få Luciabesøk frå skulen og glede dei eldre på Heddeli. Barna vil få mogelegheit til å lage julepynt etter som dei har lyst, medan alle barna skal få koma opp ein gong på "Juleverkstaden" på loftet.

Samefolkets dag

Vi skal snakke om det samiske flagget, og deira tradisjonar og folkedrakter. Vi skal lære nokre samiske ord; "Hei" og "Hadet" og telje til fem.

Fastelaven og karneval

Fastelaven markerer vi ved å lage fastelavenris og å samtale om kva fastelaven er. Til karneval leiker vi oss med rytmar, song og dans. Vi i barnehagen ordnar med utkledding.

Barnehagedagen

Kvart år vert Barnehagedagen markert over heile landet. Det er eit samarbeid mellom Utdanningsforbundet og Fagforbundet. Datoen er 12.mars 2019.

Påske

Vi fokuserer på symbola på nytt liv gjennom vårens mange små og store under. Vi skal så frø, og gjera førebuingar til kjøkkenhagen. Vi skal blåse egg og dekorere dei. Vi skal bli kjent med musikk/songar og forteljingar som bygger opp under våren og nytt liv. Vi skal bli kjent med forteljingane "Kakling i kjøkkenhagen", "Den lille røde høna", songen om "Ein liten kylling" og diktet "Frøet".

17. Mai

Vi skal ha fokus på grunnlova og demokrati. Vi skal bli kjent med Henrik Wergeland og Bjørnstjerne Bjørnson. Vi brukar bøkene "Mina og løva", "Hipp hurra " som er ei bok om 17. mai og "Karsten og Petra hilser på kongen".

Turar i nærmiljøet

Når vi går er vegen ein del av målet. Opplevingane på tur vil variere med årstidene, og kven som er med og kva som møter oss på vegen. Vi blir kjent med naturen rundt oss og fjella kring Seljord. Barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og på naturen. Barnehagen skal fremje verdiar, haldningar og praksis for et berekraftig samfunn. På turane skal barna få høyre ulike segn og soger frå dei ulike plassane vi besøker. I år skal vi bli godt kjent med historier om sjøormen og vi skal besøke Tuft, Sjøormtårnet og vi ser etter sjøormar på Brøløs.

Lavvoen

Lavvoen byr på fysisk aktivitet, leik, sanseopplevinga, utforsking, eksperimentering, matlaging på bål og innsamling av naturmateriale. Vi kjem til å følgje fuglelivet gjennom årstidene. Noko av det vi skal gjere i lavvoen er å lage fuglemat og teikne fuglar. Vi skal oppleve og lære om kråka, skjæra og småfuglane. "Kråka Knas" skal vi bli kjent med gjennom forteljarstund i lavvoen.

Kjøkkenhage

Det er sjøormane som har ansvaret for kjøkkenhagen i barnehagen. Saman må vi hjelpe kvarandre og samtale om kor viktig det er at vi må vatne, gjødsle, luke og vere tålmodige for å få god avling. Til våren skal vi plante og sidan haustar vi etter sommaren. Vi undrar oss over korleis frø blir til blomar og grønnsaker. Vi skal setje jordeple og andre grønnsaker. Barna skal vere med i prosessen med å velje ut kva for grønnsaker vi skal så.

Forming

Barna skal få erfare desse materiala og teknikkane i løpet av året: Måle med pensel og svamp, blande fargar, teikne med blyant, fargeblyant, tusj og kolstift, farge etter mønster/mandalas, klyppe i papir etter strek/form og lage collage, forme i troldeig og leire, forme i ull (tove) og lage papir.

Samling

Samling har vi kvar dag før formiddagsmat. Her har vi dagtavle (som viser oss kva dagen inneheld), månadens song og dikt. Vi jobbar med munnmotorikk og lydøvingar kvar dag. Kvar onsdag har vi ei lengre samling som inneheld eit tema, forteljing og/ eller songar. I samlingsstunda har vi fokuset på fagområdet "Kommunikasjon, språk og tekst". Barna skal få ei oppleving av fellesskap, trene på sosial kompetanse, vente på tur, samarbeide, og lytte til andre og være deltagande i fellesskapet.

Viktigheten av at barn blir lest for og blir glade i bøker er eit område vi vil vektlegge. Dei skal lære seg å lytte, og få være deltakande i dialog etter forteljinga. Eventyr/forteljingar barna skal få høyre er:

"Kråka Knas", "Tuppeline", "Askeladden som kappåt med trollet", "Kråka og ostebiten", "Kvifor er bartrea grøne om vinteren", "Mannen som gjekk seg i vedaskog", "Høna som skulle legge egg", "Verdens fineste egg", "Skinnvotten", "Ei jolefortelling" og sjøormhistoriar.

Songar og regler

Songar: "Grønnsakspisesangen", "Eg ser på deg og du ser på meg", "Me tullar og kve", "Stekte hare og gjødde svin", "Reven på hønsejakt", "Pål sine høner", "Brann i Tuddal", "Lurvelegg"

Regler/dikt: "Elle Melle", "Reven er ein hønsetjuv", "No romlar det i magen", "Sjå mitt vesle epleskrin"

Samarbeidspartar

Samarbeidet med Tussejuv barnehage. Vi kjem til å besøke og vere på tur med kvarandre ein gong i månaden. Barnehagen har ei viktig oppgåve med å fremje respekt og verdsette det mangfaldet vi har. Det er bra og viktig å knytte kontakt og bli kjent med dei ein skal gå på skulen med.

Besøk til naboen Heddeli bu – og servicesenter gjer vi ein gong i månaden. Vi skal leike, prate og syngje saman.

Biblioteket besøker vi jamnleg i små grupper. Vi låner bøker og lærer om korleis vi skal ta vare på bøkene. Målet er at barna skal bli lest for og høyre forteljing kvar gong.

Foreldresamarbeid

Kontakten mellom barnehage og foreldre går føre seg fyrst og fremst i dei daglege bringe- og hentesituasjonane. Her kan ein utveksle informasjon om barnet og snakke om korleis barnet har hatt det i barnehagen. Det kjem til å vera foreldresamtalar hausten og våren, der vi samtaler om barnets trivsel og utvikling. Det blir to samankomstar i løpet av året der det er høve for foreldre og barn å møtast til litt enkel servering. Foreldra får innblikk i noko av det vi har halde på med av tema i barnehagen, og foreldre får moglegheit til å treffe kvarandre.



BARN FØDT 2015

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	FØDSELS DATO	PRIMÆR KONTAKT
Mathias	Mathias	Mathias	Mathias	Mathias	27.04.15	Grete
Eivind V	Eivind V	Eivind V	Eivind V	Eivind V	19.05.15	Grete
Sigve	Sigve	Sigve	Sigve	Sigve	20.05.17	Grete
Vebjørn	Vebjørn	Vebjørn	Vebjørn	Vebjørn	08.06.15	Jorunn
Teo	Teo	Teo	Teo	Teo	08.06.15	Grete
Magnus B	Magnus B	Magnus B	Magnus B	Magnus B	19.06.15	Jorunn
Jon	Jon	Jon	Jon	Jon	20.06.15	Jorunn
Heine	Heine	Heine	Heine	Heine	30.06.15	Grete
		Zoey Elise	Zoey Elise	Zoey Elise	08.03.15	Gunhild
Gunhild	Gunhild	Gunhild		Gunhild	04.09.15	Jorunn
Marie	Marie	Marie	Marie	Marie	21.10.15	Grete
10	10	11	10	11		
Jorunn Grete	Jorunn Grete Desireè	Jorunn Grete Gunhild	Jorunn Grete	Grete Gunhild Desireè		
		Tur		Lavvo		

STERKE-NILS GRUPPA (2015)

Organisering

Vi er 11 barn på gruppa. Vi held til på Bringsåsnuten, her vil "basen" vår vere. Måndagar: leikegrupper. Tysdagar: Matdag, bibliotek og leik. Onsdagar: Tur i nærmiljøet. Torsdagar: leikegrupper. Fredagar: Lavvo/leik ute.

Leiken.

Leiken har ein sentral rolle i barnehagen, så mykje av dagen vil vi ha fokus på leik. Det står i rammeplanen (s.20), at barnehagen skal gje gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling, læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gje rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, spenning, humor og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre. Vi vil ha fokus på leik i smågrupper, nokon gonger blir gruppene til naturleg og andre gonger delar vi inn. Vi vil sjå kva barna er opptekne av i leiken og vil hjelpe dei til å utvikle den leiken. Regelleikar ute er noko vi også vil fokusere på, her er det mykje samhandling og samarbeid.

Dyrsku'n

I år skal vi bli betre kjende på Dyrskuplassen, husa og dei tradisjonelle sogene om Dyrsku'n. Barna skal få høyre historiene om "Heimlausa" og "Ringolm", som Halvor J. Sandsdalen har skreve. Vi vil gå på tur ned til Dyrskuplassen og Sterke Nils tunet.

Vi har eit dyr i samband med Dyrsku'n som barna skal bli betre kjende med, i år er det grisen, vi vil besøke Bjørge Gard for å sjå på grisen.

Internasjonale veker

I oktober skal vi høyre om andre kulturar. I fyrste rekkje om barn som har ein anna kulturbakgrunn enn majoriteten av barna i vår barnehage. Vi snakkar om korleis andre barn har det og ulike kulturar.

Brann, ambulanse og politi

- Brann 1-1-0
- Politi 1-1-2
- Ambulanse 1-1-3

Vi skal lære oss nødnummera, bli kjende med "Eldar og Vanja", som er to figurar i eit pedagogisk opplegg vi har i barnehagen. Vi kjem til å høyre ulike forteljingar frå dei. Vi vil vitje brannstasjonen og politistasjonen. Brannbilen kjem på besøk til barnehagen.

Jul og adventstid

Vi markerar adventstida med å bake peppar-kaker, synge tradisjonelle julesongar. Det kjem Lucia besøk frå skulen og barna skal få høyre juleforteljingar til dømes " Jul i stallen" (som vi vil fortelje i stallen) og "Fjellmusa og heimemusa". Juleverkstad på "loftet" og elles har barna moglegheit til å lage julepynt på gruppa. Vi ynskjer ei god og roleg adventstid i barnehagen, kor tradisjonar skal førast vidare.

Samefolkets dag

På denne dagen har vi fokus på samane i Noreg. Vi vil syne bileter av samefolket, høyre samisk musikk og syne flagget deira. Kanskje vi kan lære eit samisk ord?

Karneval

Dette er en dag kor fellesskapet skal stå i fokus, vi skal ha ein fellessamling på heile huset, her syner alle gruppene eit lite utdrag frå noko dei har jobba med, til dømes ein song, dramatisering ol. Foreldre treng ikkje tenke på utkledningstøy, dette ordnar vi.

Barnehagedagen

Kvart år markeras barnehagedagen over heile landet. Det er eit samarbeid mellom Fagforbundet og Utdanningsforbundet. Dagen er 12/3-19, og tema vil koma etter kvart.

Påske

Vi skal bli kjende med, dikt, musikk/songar og forteljingar som byggjar opp under vår og nytt liv. Til dømes "Kyllingane som ikkje ville gå og leggje seg", " Den vesle raude høna". Vi vil så blommar inne, etter kvart plante dei ut. Formingsaktivitetar som "tove ull" og "måle" i samband med påska og våren.

17. mai

Vi vil ha fokus på samarbeid og at alle kan ha ein meining om ulike ting. Vi vil øve på å gå i 17. mai-tog, syngje songar om Noreg. Boka om "Karsten og Petra hilser på kongen" vil vi lese.

Turar i nærmiljøet

Vi vil ofte gå langs bilvegane og her vil vi byrje å snakke om trafikk og trafikkskilt. Barna byrjar då å bli kjende med dette, kor kryssar vi vegen ol. Barna skal bli kjende med at naturen byr på mange opplevingar og utfordringar. Vi må ta vare på naturen, ta med oss "søppel" etter oss sjølv og andre. Barnehagen skal fremje verdiar, haldningar og praksis for et berekraftig samfunn.

Barna skal bli kjende rundt barnehagen og i nærmiljøet. Vi er nå Sterke-Nils gruppa, og da vil vi vitja Dyrskuplassen og "Sterke Nils" tunet. Her vil barna få høyre om Sterke-Nils og litt om livet hans. Ved kyrkja ligg Sterke Nils steinen og grava til Sterke-Nils er der, dette er og ein plass vi vil vitje. Elles blir det turar rundt om i nærmiljøet og leik vil ha fokus.

Lavvo

Naturen byr på undring og spanande ting skjer. Vi vil vera ute i lavvo-område og inne i lavvoen, kjenne årstidene på kroppen. På uteområdet ved lavvoen er det motoriske utfordringar, leik, sanseopplevingar, utforsking, matlaging på bålet ute og innsamling av naturmateriale. Viktig å sjå kva barna er oppteken av, det gjev grunnlag for samtala og undringa ute i naturen. Fuglane treng mat på vinteren og vi vil lage mat til dei, som vi heng ut. Det vil vere faste eventyr samlingar ute og inne i lavvoen.

Forming

Måling med pensel ved bordet og staffeli fortset vi med, barna vil etterkvart utvikle sitt eige uttrykk. Fargane skal vi utforske, blande ulike fargar og sjå kva ny farge som oppstår. Teikne med kolstift, tusj, fargeblyantar og blyant skal vi jobbe med, og klyppe med saks. Vi har leika mykje med plastelina, dette vi vil fortsette med, godt for finmotorikken å forme i dette materialet, etterkvart vil plastelina klumpen bli til ein bestemt ting. Ull er ei godt nytta materiale, her vil vi vidareutvikle tovinga. Når vi er ute er naturmateriale naturleg å samle, til dømes kastanjenøtter, eikenøtter, og det barna er interessera i. Materialet vi finn nyttar vi til formingsaktivitetane.

Samling

Vi startar samlinga med ein velkomst song og avslutnings song, dette for å markera ein felles start og slutt på samlinga. Elles brukar vi dagtavle, månadens song og dikt og har dagens hjelpar. Barna skal få ei oppleving av fellesskap, kunne vente på tur, kunne lytte til andre, samarbeide og vera deltakande i samlingane våre.

I samlingsstundene vil barna få høyre ein forteljing, eventyr eller ei bok. Her må dei lytte, fylgje med og elles nytte fantasien sin, slik at dei kan danne seg indre bileter av det dei høyrer. Fagområdet frå rammeplanen "Kommunikasjon, språk og tekst" er fokuset i samlingane.

Songar og regler

Songar: " Ein bonde i vår by", "Kyllingen", "Ola i Gudbrandsdalen", " Per Spelmann", "Når bladene dei faller ned" m.fl

Regler/dikt: "Eppel peppel pirum parum", " Sjå mitt vesle epleskrin", "Grisedikt", "Plukke plukke pære", "Ein to, ein to" m.fl

Etter jol skal vi ha eit folkemusikk prosjekt, dette for å ta vare på den lokale kulturarven vi har i Seljord. Tema i år vil vera "Sterke Nils".

Kjøkken

Matglede er viktig i tidleg alder og eit godt kosthald. Kvar tysdag vil vi lage vekselvis varm mat eller bake på kjøkkenet. Barna deltek etter tur. Her blir samtalen rundt matlaging viktig, kva står i oppskrifta og kva skal vera med i til dømes middagen. Dei blir med å finne fram ingredienser, kutte grønnsaker, tømme oppi bollen osv.

Samarbeidspartar

Vi vil ha eit samarbeid med Tussejuv barnehage, dette startar etter jol. Vi vil bli møte dei ein gong i månaden, i Tussejuv, i Heddeli og på tur. Med dette ynskjer vi at barna blir betre kjende med kvarandre, slik at nye relasjonar oppstår.

Biblioteket besøker vi gruppevis, låne bøker til barnehagen og lese bøker på biblioteket. Slik blir barna kjende med tilboda på biblioteket.

Helsestasjonen, helsesyster vil koma på besøk og fortelje litt om kva som skjer på 4 års kontrollen på Helsestasjonen.

Foreldresamarbeid

Rammeplanen vår seier at: " Barnehagen skal i samarbeid med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling", jf.barnehagelova§1 (R-17, s.29). Så barnehagen blir ein viktig møtestad for barn og småbarnsforeldre og som kulturformidlar. Kontakten mellom heimen og barnehagen vil fyrst og fremst gå føre seg i dei dagelege bringe og hente situasjonane i barnehagen. Elles så er Mykid nytta til kommunikasjon mellom heim og barnehage. Vi har ein haustfest, eit foreldremøte, ein vårfest, og ein rusken dag saman med foreldra. To gonger i året avtaler vi foreldresamtalar, elles er det mogeleg for samtalar ved behov.



BARN FØDT 2016 OG 2017

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	FØDSELS DATO	PRIMÆR-KONTAKT
Ariam	Ariam	Ariam	Ariam	Ariam	03.01.16	Ingrid/Sigrunn
Tuva	Tuva	Tuva	Tuva	Tuva	26.03.16	Anne Marie/ Ingrid
Thov	Thov	Thov	Thov	Thov	31.03.16	Ingrid/Sigrunn
Even	Even	Even	Even	Even	03.04.16	Cecilie/Ingrid
Sondre	Sondre	Sondre	Sondre	Sondre	21.05.16	Anne Marie/ Sigrunn
Mikkel	Mikkel	Mikkel	Mikkel	Mikkel	17.07.16	Ingrid/Cecilie
Aasmund	Aasmund		Aasmund	Aasmund	01.09.16	Cecilie/Ingrid
Janne Berit	Janne Berit	Janne Berit	Janne Berit	Janne Berit	18.09.16	Ingrid/Sigrunn
Trym	Trym	Trym	Trym	Trym	29.10.16	Anne Marie/ Cecilie
Jan Sebastian	Jan Sebastian	Jan Sebastian	Jan Sebastian	Jan Sebastian	29.11.16	Anne Marie/ Merete
Mie	Mie	Mie		Mie	23.12.16	Cecilie/ Anne Marie
		Neo William	Neo William	Neo William	27.12.16	Gro/Anne Marie
Maren	Maren	Maren		Maren	30.04.17	Gro/Merete
Eilev	Eilev	Eilev	Eilev	Eilev	04.05.17	Gro/Merete
Mari	Mari	Mari	Mari	Mari	01.10.17	Gro/Merete
14	14	14	13	15		
Grupper	Matlaging	Lavvo	Grupper	Tur	Småbarn 2	Vekeplan
Tur		Grupper		Grupper	Småbarn 1	
Ingrid Cecilie Merete Gro Sigrunn Anne Marie	Cecilie Gro Merete Sigrunn Heidi R Anne Marie	Ingrid Cecilie Gro Sigrunn Anne Marie	Ingrid Cecilie Gro Sigrunn Anne Marie	Ingrid Cecilie Merete Sigrunn Heidi R Anne Marie	Personalet	
14+6	14+5	14+5	13+5	15+5		

SMÅBARN (2016 og 2017)

Organisering

Vi er 15 barn på småbarnsgruppa: 3 barn født 2017 og 12 barn født 2016. Vi kjem til å dele gruppa i Småbarn 1: 2017 barna og 2016 barna født i oktober til desember. Småbarn 2: 2016 barna født i januar til september.

Oppstart

Den fyrste tida i barnehagen er fokuset å bli trygg i barnehagen og på kvarandre. Vi bruker god tid til å bygge tillit og skape trivsel. Å kjenne seg trygg og ivaretatt er grunnleggande og ein føresetnad for å kunne leike, utforske omgjevnadene og å utvikle seg. Vi må kjenne at vi høyrer til og få gode kjensler for å kome i barnehagen.

Barna som nyleg har starta opp i haust har ein vaksen som blir ekstra godt kjende med dei, og hjelper barnet å skape tryggleik og bli kjent i denne nye barnehage verda – ein primærkontakt.

Vi har som mål å leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom vaksne og barn og barna i mellom. Det er grunnlag for trivsel, glede og meistring.

Primærkontakten sørgjer for informasjon til heimen om korleis barnet har det i barnehagen. Det kan vera utfordrande for foreldra å sende barnet sitt i barnehagen, og ein er engsteleg for korleis barnet har det og trivst. Ta kontakt og spør dei vaksne i barnehagen om de lurar. Barnet er tryggast om foreldra føler seg trygge.

Leiken

Det står mange opplevingar og erfaringar og ventar i året som kjem. Leiken er barnas uttrykksform. Vi vaksne må bu på golvet, for samspelet rundt leiken er viktig. Vi må bekrefte barnet og følgje med på kva det er opptatt av og hjelpe barnet til å strekke seg litt lenger.

Barna utviklar tankar, kjenner på eigne kjensler og opplevingar gjennom leiken. Det er mykje vi meistrar fyrst i leiken, og så i det verkelege liv. Å få vener, høyre til ei gruppe, samspel med andre, lære å dele med kvarandre og vente på tur er viktige erfaringar ein får gjennom leiken.

Dyrsku'n

Det er tradisjon i barnehagen å sette fokus på eit gardsdyr i samband med Dyrsku'n. Vi skal i år jobbe med sau og geit som Dyrsku'dyr. Sauen og geita vil vere med oss gjennom barnehageåret i eventyr, forteljingar, songar og regler. I sommar har vi besøkt sauene og geitene ved folkehøgskulen, til stor glede for barna. Vi vil i haust ta fleire turar for å sjå på sauene og geitene.

Småbarn 1; Vi vil besøke Dyrsku'plassen, vi vil besøke fjaset og sjå oss rundt på plassen.

Småbarn 2: Vi vil besøke Dyrsku'plassen, På Dyrsku'plassen vil vi gjere oss spesielt kjent i fjaset og leikeplassen i år. Vi fortel om kua «**Heimlausa**» (kua som blei attgløymt på Dyrsku'n) av Halvor J Sandsdalen frå Seljord.

Internasjonale veker

Vi ynskjer at barna i løpet av tida i barnehagen skal bli kjende med at det finnes mange måtar å tenkje på, handle på og leve på. Dei blir kjende med at det er eit mangfald av kulturar og familieformar. Samtidig ynskjer vi å gje felles erfaringar og byggje opp om fellesskapet. Å bli sett for den vi er, er eit av dei mest grunnlegganden kjenslemessige

behov for alle menneske. At nokon viser oss positiv merksemd, gjev oss et smil og viser både med ord og kroppsspråk at dei likar oss.

I barnegruppa er vi heldige å ha eit mangfald av kulturar: polsk, eritreisk, nederlandsk og norsk. Tenk så mykje vi kan saman. Vi ynskjer å bli betre kjent. I år ynskjer vi å høyre og synge songar på dei ulike språka i gruppa vår.

Utrykkingskøyretøy

Småbarn 1: Vi startar på småbarn med å observere når desse kjem i barnehagen. Dei blinkar, ular og ein kan til og med sprute vatn. Vi besøker brannstasjonen.

Småbarn 2: Vi treffer "Eldar og Vanja" for fyrste gong. Det er to figurar i eit pedagogisk opplegg om brannvern vi har i barnehagen. Dei kjem til å følgje oss opp gjennom barnehagetida.

«**Plask, plask**», barna får utforske vatn. Å sprute, plaske, tømme, vaske, la vatnet renne mellom fingrane og ha det moro med vatn. Vatnleik har vi ein gong i veka med ei lita gruppe barn.

Små barn brukar heile kroppen og sansane i leik og når dei undersøker verda. Eit naturleg tema er då «**Meg sjølv**». Det er eit tema som vil gjere barna kjende med sin eigen kropp og sansar.

Vi leggje opp til kroppsbevissthet gjennom samhandling og leik. Gjennom musikk, song, språk, regler, leik og rørsle blir vi meir bevisste på kroppen og sansane.

Jul og adventstid

Adventstida skal vere prega av hygge og ro og vidareføring av tradisjonar. Adventstida og jul set heile sanseapparatet i sving. Vi får trykke og forme deig, leike oss med ull, måling og fargar. Kjenne lukta av nybaka peparkaker, høyre jolemusikk, smake risengrynsgraut, sjå englar og nissar. Vi kan teikne, måle, forme, synge, danse, byggje, fortelje, spela, lytte, bake, lukte.

Samefolkets dag

Dette er samane sin nasjonaldag. Vi vil sjå flagget, folkedraktene, kjenne på reinskinn og høyre samisk musikk og joik.

Karneval

Dette er ein dag for glede og fellesskap. På karnevalet leikar vi oss med rytmar, song og dans. Vi skal ha ein fellessamling på heile huset. Foreldra treng ikkje tenkje på utkleddingstøy, dette ordnar vi.

Påske

Vi skal bli kjend med musikk og songar som byggjer opp under vår og nytt liv. Barna skal så karse og dei vil ha formingsaktivitetar i samband med dette.

17. mai

Vi blir kjent med flagget, høyrer hornmusikk og synger songar om Noreg. Vi øver oss på å gå i tog.

Tur

På tur er vegen målet. Opplevingane på tur vil variere med vær og vind, årstider, kven som er med og kva som møter oss på vegen. På tur ynskjer vi at barna blir kjende i nærmiljøet, får varierte naturopplevingar og å styrke motoriske ferdigheter som balanse, koordinasjon og styrke.

Vi skal gå på tur med og utan vogn for å bli kjende i nærmiljøet. På turane blir blant anna kjent med Granvin, biblioteket, skogen rundt barnehagen, Gravebremsen, Folkehøgskulen, Brøløs og Dyrsku'plassen.

Toddlere (1- 2 åringar) opplever verda gjennom kroppen og det er basen for barnet sin læring. Vi sansar omverda gjennom berøring, lukt, syn, hørsel, smak og rørsle. På tur legg vi vekt på å bruke kroppen og sansane våre. Barna skal t.d. oppleve å høre vind i trea, regn som trommer, fuglesong. Smaken av eit sjølvplukka eple og av sno. Lukta av regn, av ein blom og gras. Kjensla av kald sno, varm sol og vatn mot huda. Opplevinga av å gå i høgt gras, plaske og hoppe i ein dam og klatre opp på ein stein. I naturen gjer fantasien ei kongle til ei geit og ein trestubbe til eit troll. Ein nedoverbakke er full av rørsleglede. Ein maur er verdt eit lengre studium.

Lavvo

Småbarn 2 blir kjent på lavvo-området. I lavvoen kjenner vi årsrytmen på kroppen og vi ynskjer at barna skal bli glade i å vere ute. Lavvo-området byr på fysisk utfolding, leik, sanseopplevingar, utforsking, mat på bål og innsamling av naturmateriale.

Vi blir kjende med trea, steinane, konglane, småkrypa, insekta, fuglane og andre dyr som bur i lavvoskogen.

Vi har eventyrstund kvar gong. Det er stemningsfullt og språkfremjande. Vi blir kjende med eit eventyr i månaden.

Eventyr, forteljingar

Bruk av eventyr og forteljingar er ei god kjelde til språkstimulering og kulturformidling.

Vi har som mål at alle barna får høyre forteljing/bok/lydbok kvar dag. Vi ynskjer saman å oppleve spenning og glede i forteljing, eventyr og høgtlesing. Nynorsk er språket i kommunen og vi vil vektlegge nynorsk målføre i songar, rim/regle, historier, eventyr og bøker.

Etter kvart vil vi besøke **Bibliotek**. Bøkar vil alltid vere tilgjengelege for barna i barnehagen.

Småbarn 1 vil bli kjente med eventyra; "*Bukkane Bruse*", "*Lille larven aldri mett*" og "*Geitekillingen som kunne telle til ti*"

Småbarn 2 vil bli kjent med eventyra: "*Bukkane Bruse*", "*Andungen som ville snakke vakkert*", "*Reven og kråka*" "*Løven og musa*" "*Peparkakeguten*", "*Korleis Bjørnen vart stubbrumpa*", "*Skinnvotten*", "*Olle Bolle som ikkje ville vaske seg*", "*Den vesle raude høna*", "*Geitekillingen som kunne telle til ti*" og "*Lille larven aldri mett*".

Song, musikk, rim og regler

I samlingsstunder og ellers i kvardagen kjem vi til å bruke mange songar, regler og musikk. Barn likar musikk, det kan ha ein beroligande effekt og ikkje minst engasjere.

Språkstimulering skjer gjennom song og regler og kontakten mellom vaksne og barna. Vi leiker oss med lydar, ord, rim og rytme.

Årsrytmen, årshjulet og høgtidene vil vere med å bestemme innhaldet. Og sjølvstund vil vise barna visse interesse for gjennom året.

Songar som barna skal få kjennskap til er m.a.:

Bæ, bæ lille lam, Mikkel Rev, Bjørnen Sover, Med mi hand eg klappar, Tommelfinger, tommelfinger, kor er du?, Hode, skulder, kne og tå, "Bukkane Bruse", "Kyllingen", "Hestehoven", "Bukkevisen", "Per Spelman", "Når bladene dei faller ned"

På våren har vi 6 veker med **Folkemusikk og dans**. Musikk og songglede står i fokus, vi ynskjer at barna får gode musikkopplevingar. Vi lyttar, bevegar oss og dansar til musikk. Vi syng tradisjonelle barnesongar og songar med lokal tilknytning.

Forming.

Barna skal få utfolde seg gjennom ulike formingsaktivitetar. Dei skal få bruke sansane sine, kjenne og ta på forskjellige materiell og få erfaringar med dei. Det er prosessen i formingsaktiviteten som er målet; ikkje det ferdige resultatet.

Teknikkar som barna på småbarn skal få erfaringar med:

Måling, finger-måling, fot/hand-trykk, bruk av pensel

Teikning, fargestiftar og fargeblyantar

Plastelina, leire

Naturmateriale, lage eit bilete

Ull, toving.

Måling og teikning ved bord eller ståande (staffeli eller henge opp ark på veggen). Her vil barna få øve opp finmotorikken. Ved at dei står, får dei i tillegg bruke heile armen når dei gjer aktiviteten.

Foreldresamarbeid

Barnehagen har ein viktig oppgåve som møtestad for barn og småbarnsforeldre og som kulturformidlar. Derfor inviterer vi føresette til ulike treff som til dømes: Foreldresamtalar, Desemberfrukost, Ruskendag (dugnad) og Vårfrukost. Den daglige kontakten i bringe- og hente-situasjonen er ein viktig samarbeidsarena.

